



Dønhaug Gardsbarnehage har eit godt system for å ivareta branntryggleiken. Det fastslår branninspektør Øyvind Ousdal etter å ha vore på tilsyn i barnehagen nyleg. Dei har eit bra internkontrollsystem og dei tilsette er flinke på eigenkontroll og på å få dette dokumentert.

Bygget er oversiktleg og relativt lett å rømme. Eigar/brannvernleiar latar til å halde fokus på at tryggleiken skal vera på eit høgt nivå, skriv Ousdal.

Men han påpeikar at det under tilsynet ikkje kunne leggjast fram dokumentasjon for at sakkyndig personell foretar jamnleg kontroll av brannalarmanlegget. Det vart her opplyst at dei hadde vore i kontakt med leverandør som meinte det ikkje var naudsynt med årleg kontroll då bygget ikkje har brannalarmanlegg.

Men her viser Ousdal til gjeldande reglar som seier at barnehagar med risikoklasse 3 med to etasjar eller meir skal ha slikt anlegg.

Eigar av eitkvart brannobjekt skal der det er naudsynt sørgja for at kvalifisert personell føretek jamnleg kontroll, ettersyn og vedlikehald av installasjonar, utstyr, konstruksjonar med meir for å forhindra teknisk forfall som kan redusera brannsikkerheit.

Av Ola Matti Mathisen